



Uteundervisning. Foto fra heimesida til Sogn Jord- og Hagebrukskule

# Byråkratisk kålkokeri

Den einaste økologiske jordbrukskulen i landet kan koke bort i byråkratisk kål.

## KOMMENTAR

SIRI HELLE

**N**oregs einaste praktiske utdanning i økologisk jordbruk er truga med nedlegging. Ikkje fordi nokon eigentleg vil bli kvitt den – støtta til skulen har knapt vore så sterkt som no – men på grunn av gamle vedtak om utviklingar i bygningsmassen.

Skulen heiter Sogn Jord- og Hagebrukskule og ligg i Aureland i Sogn og Fjordane. Lina har vore landsline i økologisk jordbruk sidan 1994.

Det heile er eit byråkratisk virvar. Fylkeskommunane har bestemt at bygningane, som er frå etter krigen, må renoverast for å forsvare vidare drift. Ikkje fordi dei nødvendigvis held på dette saman, men fordi undervisningslokalia ikkje svarar til krava i Kunnskapsløftet til fleksibel undervisning, bygningane ikkje er energieffektive nok og ikkje svarar til krav om universell utforming, og driftsbygningar ikkje lenger svarar til krava Mattilsynet set til bygningar i landbruket.

Fyrste steg i utbygginga er – etter dei standardiserte kvaratmetersatsane til fylkeskommunen, må vite – kost-

nadsrekna til kring 50 millionar kroner. Av det vil Sogn og Fjordane fylke betale 60 prosent – resten er ikkje noka «forsvarleg investering» og må difor handterast av andre, meiner dei. Sidan skulen er ei landsline, er det staten som betaler drifta, men fylkeskommunen har ansvar for vedlikehald og

på kvarandre, ingen får nokon ting gjort, og ingen vert nøgde.  
**Eg lærde monaleg mykje meir matnyttig på dei to åra eg gjekk Sogn Jord- og Hagebrukskule enn eg har gjort på dei andre tretti år saman.**

fornying av bygningane. Med den grunngjevinga har både noverande og tidlegare ministrar i både kunnskap og landbruk sagt nei til statleg bistand. Slik kan begge partar skulde

på kvarandre, ingen får nokon ting gjort, og ingen vert nøgde.

For ein tidlegare elev er det umogleg å tenkje seg at skulen skal forsvinne. Eg lærde monaleg mykje meir matnyttig på dei to åra eg gjekk Sogn Jord- og Hagebrukskule enn eg har gjort på dei andre tretti åra eg har levd til saman. Det har vore brukt som eit argument mot skulen at han ikkje har fulle klassesteg. Men der andre naturbrukskular fyller opp klasane sine med undervisning i strutseavl, sprangriding og agility for hundar, held Sogn Jord- og Hagebrukskule fast på å vere ein skule for dei som vil lære å produsere mat: Her vert det undervist i kyr, geiter, sauer, arbeidshestar, grønsaker på friiland, bier, frukt og føredling av råvarer til produkt.

Saka har gått fram og attende i systemet i snart ti år, og det er forståeleg at alle partar no ynskjer å setje eit endelig punktum. Det ville likevel vere for ironisk om ein av dei mest konkrete, direkte og praktiske skulane i landet skulle gå under på grunn av tåkeprat og ansvarsfråskriving.

Siri Helle er journalist i Dag og Tid og tidlegare elev ved Sogn Jord- og Hagebrukskule.